



Tilhørarane møtte ein sterkt engasjert professor Jørn Øyrehagen Sunde

Også i andre økta av nyskapningen føredragskroa var det rundt 20 frammøtte i Gamleskulen og 2 av dei 3 førelesarane var professorar og har sterkt samband med Uskedalen.

Dag Helland hadde som vanleg ein munter tone då han snakka om bruk og misbruk av forskning og Jørn Øyrehagen Sunde hadde kalla si førelesing om den omfattande rettsleggjing av Noreg ein demokratisk apokalypse. Med det meinte han det nye som skjer, i dette tilfellet at vi stadig kjem meir i konflikt med kvarandre.

Øyrehagen Sunde hadde fleire moglege årsakar å visa til og hadde ikkje noko enkelt svar. Ein årsak er at det er bruk for rettsreglar i langt større grad enn før.

Favorittgrunnen til professoren er imidlertid

at fleire tenker på seg sjølv og har rett og evne til å handla.
At kvinner har vorte meir meiningsberettiga er også eit moment som tel med. Dei handlar meir aktivt enn før. At vi agerar meir internasjonalt er ein ytterlegare grunn.

Utviklinga har ført til større behov for jus og juristar, men korleis står det til med den demokratiske kontroll?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen